

22.02.2011

Festidalen ikkje skrinlagd for godt



Styret etter årsmøtet med unnatak av Erlend Bjørnebøle. Frå venstre sit Camilla Jensen, Oddbjørn Kroka, Janne Olson (vararepresentant), Berit Harriet Døssland og Asbjørn Olsen

**Festidalen er kanskje likevel ikkje skrinlagd for godt.
Den nye arbeidsgruppa for Dialogforumet i
Uskedalen Utvikling arbeider for
å få til eit møte der det blir vurdert om det er
grunnlag for ein ny festival i i 2012.
Det var Kristian Bringedal som opplyste dette under årsmøtet
til Uskedalen Utvikling i Gamleskulen i kveld.**

UU-styret har hatt bemanningsproblem gjennom året og har drive utan leiari. Ved valet i kveld var Asbjørn Olsen, Oddbjørn Kroka og Berit Harriet Døssland (representant for TI-aren) ikkje på val medan Lasse Yri og Jane Haaranes gjekk ut og vart erstatta av Erlend Bjørnebøle og Camilla Jensen. Janne Olson held fram som vararepresentant medan den andre vararepresentanten Reidar Myklebust går ut og Ragnvald Myklebust inn. Styret konstituerar seg sjølv og det skjer onsdag til veka.

Eit punkt på arbeidsplanen for dette året var oppløysing og utbetaling av lutane, men denne saka vartutsett for juridisk vurdering og vil eventuelt koma opp att på eit ekstraordinært årsmøte.

Derimot vart det samrøystes vedteke registrering i Brønnøysundregisteret, utan at UU dermed må gå inn på Grasrotandelen til Norsk Tipping. Her var det fleire som uttrykte skepsis avomsyn til andre lag i bygda som allereie er innmelde.

Det kan oppstå ein konfliktsituasjon, vart det hevda av Kåre Guddal. Camilla Jensen streka under at folk sjølve avgjer kven dei vil støtta.

Arbeidsplanen har eit punktom at UU skal følgja opp aktuelle saker som kjem inn gjennom året og planen vart etter forslag frå Bringedal supplert med at dei skal vera høringspart ogl seg engasjera når arbeidet med stadanalysen startar.

Camilla Jensen leiar Kvinnherad Hundeklubb og opplyste at klubben er på jakt etter eit flatt treningsområde på om lag 40 X 40 meter som også kan vera tevlingsarena og ein møteplass for klubben.

Primus motor i kjøkenprosjektet Janne Olson var spurd om den økonomiske ramma og hadde håp om at dei 150.000 kroner som er løyvd av ein bank og Extra-midlar skal vera tilstrekkeleg. Kloakken er no lagt om og omleggjing av vassleidning kjem snart. I kjøkenet kjem det nyt golvbelegg og tak og veggar skal flikkast på. Når kjøkenet er rusta opp håpar ein på enda meir bruk av huset.

I årsmeldinga blir det slått fast at det har vore god aktivitet i og rundt det. Damene driv TI-aren godt og Selma Eik og Berit Harriet Døssland har også stilt trufast opp på strikkekafeane. Kafeleiinga berømmer Janne Olson for hans positive støtte og arbeidsgnist.

Tekst og foto: Ola MattiMathisen